

K - POSTEN

ÅRGANG 14, NUMMER 2

Mai 2011

PROGRAM FOR 17. MAI I NAUSTDAL KOMMUNE.

NAUSTDAL.

Kl. 10.30 **Gudsteneste** i Naustdal kyrkje

Kl. 11.15 **Togoppstilling** ved kommunehuset

Kl. 11.30 **Avgang tog** til Naustdal alders- og sjukeheim. Samling ved sjukeheimen: Velkomstord frå leiar i 17. mai komiteen Anne Grete Naustdal, Helsing v/brukarrepresentant Ved NAS Sigmund Svoen Song 1-4. klasse. Tale for borna ved kulturkonsulent Anne Lisbeth Lesto, Russetale. Song. Tog til bautaen. Samling ved bautaen. Utdeling av pris til livlegaste skuleklasse i 17. mai toget 2011. Tale for dagen v/rådmann Øyvind Bang-Olsen

Kl. 14.00 **Leikar** og matservering på skulen etter talen ved bautaen.

Kl. 16.15 **Premiutdeling** .

INSTEDALEN.

Kl. 14.00 **Middag på Instedalen skule**

Kl. 15.00 **Start av ulike aktivitetar**. 60 meter, spikarslåing, mjølkespann kasting, spekeskinke-tipping

Kl. 18.00 **Programstart**, program ved Von 4H, premieutdeling

Kl. 19.30 **Tale** v/Stein Oltedal,

MIDTREDALEN

Kl. 13.00: **Samling** på skulen . Sal av middag m/meir. Aktivitetar for store og små

Kl. 17.00 **Folkefest** . Ymse program. Tale ved rådmann Øyvind Bang-Olsen

Alle er hjarteleg velkomne!

HORSTAD

KL. 14.00 **Samling på Horstad skule**. - Sal av mat m.m

Kl. 14.30 **Aktivitetar** for små og store

Kl. 17.30 **Program**: utdeling av premiar m.m.

HELLE

Kl: 14.30 **Folketog**, kiosk opnar

Kl: 15.30 **Tale** for dagen v/ Anne-Lline Korsbakken, Kafè opner.

Kl: 16.00 **Leikar** for born og vaksne

Kl: 19.00 **Loddtrekkning** og premieutdeling

VEVRING

15 mai 15.00-17.00 Skyting ved gamleskulen **NB!**

17 mai

Kl. 08.00 "Skramletoget" går frå Redalen

Kl. 13.00 **Gudsteneste** med Rigmor Frøyen

Kl. 14.00 **Folketog**

Kl. 14.30 **Leikar** og kafe på skulen.

Kl. 16.30 **Folkefest** med program og premieutdeling.

Togoppstilling 17.mai

17.mai nemnda ynskjer alle velkomne til å ta del i barnetoget frå kommunehuset til Naustdal alders-og sjukeheim og attende til Bautaen. Vi oppmodar alle om å stille med flagg i toget. Nytt i år er premiering til den skuleklassa som lagar mest liv og røre i toget. Premien er eit godt måltid yil skuleklassa, sponsa av Håjen kafè.

Oppstilling vert kl: 11:15
Avgang kl: 11:30

Togoppstillinga ser slik ut

1. Lensmann.
2. Flaggborg v/ 17.mai komiteen.
3. Naustdal kommunestyre
4. Speidaren i Naustdal.
5. Rosa russen.
6. Horstad barnehage
7. Mallasvik familiebarnehage.
8. Loffen barnehage.
9. Lunden barnehage.
10. Hjelpekorpsset.
11. Dalen skule.
12. Vevring skule.
13. Naustdal songlag.
14. Naustdal skule 1. – 9. klasse.
15. Grønrussen.
16. Foreldre og andre.



Foto: Lilli Ann Seljeseth

Har du tid til å gjere ein innsats 17.mai ?

Tambarskjelvar Idrettslag har også i år teke på seg jobben med å servere mat på skulen 17.mai. Vi set alle pris på rømmegrauten og dei gode kakene idrettslag har servert oss. Dette er ein stor dugnadsjobb og idrettslaget vil gjerne ha hjelp både til servering og tillaging. Dersom du kan tenke deg å gjere ein innsats saman med mange andre, ta kontakt med Dag-Rune Mallasvik eller Jørn Helgheim.

Med helsing 17.mai komiteen



NORDMANNSSANG.

Ole Vig

Blant alle lande i øst og vest
er fedrelandet mitt hjerte nest.
Det gamle Noreg
med klippeborge
meg huer best.

Fra Vesterhavet til Kjølens rand,
fra Nordishavet til Kristiansand,
der har eg hjemme,
og kan istemme:
Mitt fedreland

Engebø – regulerings-saka, utbyggingsavtale, uttale til utsleppssøknad og avtale om fond og næringsutvikling

Av Annelaug Kjelstad, rådgjevar plan og næring

Dette er skrivne med bakgrunn i rådmannen sine tilrådingar, men før den politiske handsaminga i utval for plansaker/formannskap 28. april og i kommunestyret 11. mai. Vi ynskjer å informere i K-posten om sakene slik dei ligg føre, avdi mange er og har vore engasjerte i sakene og dei er viktige for innbyggjarane i kommunen.

Reguleringsplanen

Administrasjonane i Naustdal og Askvoll har lagt fram tilråding om vedtak i saka om reguleringsplan for utvinning av rutil i Engebøfjellet i Naustdal. I skrivande stund veit eg jo ikkje kva politikarane kjem til å vedta, men tilrådinga er grunngeve med følgjande:

Det skal ikkje vere grunnlag for monaleg tvil om dei grunnleggande vurderingane og konklusjonane i konsekvensutgreiinga (KU) og då heller ikkje til arealplanen. Utgreiingane i KU kan aldri gje eit 100% svar og fjerne all usikkerheit. I mange høve er det nytta modellering som er forenklingar av dei komplekse tilhøva i naturen. Administrasjonen meiner at ein gjennom prosessane for kvalitetssikring av utgreiingane, har sikra oss at dette er fagleg godt nok. Reguleringsplan med konsekvensutgreiinga og delrapportar tilfredstiller krava stilt i planprogrammet. Det er eit vilkår at den usikkerheit for miljø og natur som framleis finst, skal følgjast opp gjennom etablering av eit miljøoppfølgingsprogram knytt til utsleppsløvet.

Samla sett overstig dei samfunnsmessige positive konsekvensane av gruve drifta dei negative konsekvensane på miljø, natur og (delvis for) samfunn. Grunngevingane for konklusjonen går fram av den samla saksutgreiinga. Eit av hovudmomenta i saka har vore spørsmålet om konsekvensane av sjødeponiet. Saka har no tiltrekkeleg tryggleik omkring kontroll om konsekvensar av sjødeponiet både innanfor og utanfor reguleringsområdet i sjø. Sjølv om dei lokale

miljøverknadane er negative, meiner ein at ein har tryggleik for avbøtande tiltak som verkar. Det er avgjerande at tiltak som reduserer negative konsekvensane for miljø og naturressursar vert gjort i forkant. I tillegg har kommunane tiltrekkeleg tryggleik for å få fastsett klare vilkår for overvaking av påverknad på oppdrettsanlegga i fjorden, verknaden på kysttorsk og for verknaden på laks/smolt, med føre-var-prinsippet i botnen, i nærleiken av nasjonal laksefjord. Vilkåra går fram av uttale til utsleppsløyve og relevante krav må takast med i uttale til vilkår om driftskonsesjon etter minerallova. For kommunane og regionen er det svært positivt å skape og legge til rette for utvikling og nye arbeidsplassar som kan gje grunnlag for folketalsauke, auka skatteinngang, vekst og dermed auka velferd i lokalsamfunna og regionen. Det har også vore viktig å forhandle fram ein utbyggingsavtale der vegstrekingen frå Sæla til Engebø er hovudspørsmålet og med ein avtale som gjev nødvendige og tiltrekkelege avbøtande tiltak for lokalsamfunna frå Sæla til Vevring. Avtale om fond til kultur, næring og industriinkubator gjev også positive samfunnsmessige verknader. Naustdal stiller også krav knytt til sikring av verdiar i bygningar og anlegg i nærområdet som skal redusere uvisse kring verknader av sprenging og gruve drifta generelt. Gruveverksemd i Engebøfjellet kan vere starten på ei framtidretta og bærekraftig industriutvikling i regionen. Kommunane må vere klar for å møte dei store utfordringane med å ha ei stor industribedrift med teknologi- og prosessmessige kompetanse.

Dersom politikarane vedtek planen, må saka sendast til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd. Kommunestyret har på grunn av motsegna ikkje mynde til å vedta planen med juridisk verknad, jfr. plan- og bygningslova, og planen må då sendast vidare til Miljøverndepartementet for evt. stadfesting. Saka vert sendt via Fylkesmannen, der han vil gje si sjølvstendige vurdering av saka.

Politikarane kan også velje å avvise planen eller sende han tilbake til administrasjonen med eventuelle krav om endringar eller ytterlegare utgreiingar.

Uttale til utsleppssøknad

Kommunane skal også gje uttale til saka der Nordic Mining søker om utsleppsløyve etter ureiningslova til utvinning av rutil i Engebøfjellet. Klima- og ureiningsdirektoratet (Klif) skal eventuelt gje løyve til tiltaket etter at reguleringsplan er vedteke. Administrasjonen vurderer det slik at utsleppsløyve kan gjevast. Føresetnaden er at det er mogeleg å sikre tilstrekkeleg tryggleik for at konsekvensen av tiltaket vert slik som føresett. Vi føreset at det vert sett akseptverdiar med følgje for drifta dersom ein ikkje oppnår tilfredsstillande miljøtilhøve i høve til drifta. Kommunane ønskjer at det vert etablert ei gruppe med representantar for lokalbefolkninga og kommunane som skal ha ansvar for dei sentrale tema i eit miljøoppfølgingsprogram. Det viktigast at det for det første vert sleppt ut minst mogeleg kjemikaliar (utan at det går ut over tryggleiken ved deponeringa), og at kjemikaliane til ei kvar tid er mest mogeleg miljøvennlege og nedbrytbare. For det andre må det sikrast eit miljøoppfølgingsprogram som set strenge og klare forventningar til drifta for alle typar utslepp.

Utbyggingsavtale

Avtalen, som i hovudsak gjeld utbetring av fv. 611 frå Sæla til Engebø, låg ute på høyring i april. I forhandlingane med Nordic Mining ASA om utbyggingsavtale har også Sogn og Fjordane fylkeskommune delteke. Avtalen gjeld viss gruvedrift får alle godkjenningar frå kommunane og statlege mynde og avtalen er knytt opp til reglane i Plan- og bygningslova 1985 § 64. Avtalen har ei ramme på 95 millionar kroner til utbetring av vegen, fordelt med 40 millionar kr frå Nordic Mining og 55 millionar kroner frå fylkeskommunen. Slik avtalen ligg føre no, meiner rådmannen at avtalen gjev høve til nødvendige utbetringar av vegen og at dette er ein viktig føresetnad også i reguleringsplanen. Kommunestyret kan velje å godkjenne avtalen eller forkaste han.

Avtale om kulturfond og næringspolitikk

Avtale om kulturfond og næringspolitikk legg opp til å stille til rådvelde 60 millionar kr til realisering av kulturaktivitetar og næringspolitiske målsettingane, med 30 millionar kr frå Nordic Mining. Sogn og Fjordane Fylkeskommune skal handsame saka i hovudutval for næring 24. mai 2011, der det er ei målsetting at Fylkeskommunen skal bidrag med 15 millionar kr. Avtalen er på 10 år. Der er avtalt at partane skal bidra på nytt etter 10 år. Administrasjonen meiner at dette er så langt ein kan klare å komme med friviljug avtale knytt til utviklingsarbeid. I seg sjølv er investering i mineraluttak på Engebø ei sær stor investering. Tryggleik omkring drifta for dette anlegget er det som ligg i botn i høve arbeidsplassar, aktivitet og mogeleg tilflytting. Avtalen gjev ei retning i forhold til vidare arbeid, og den er gjev eit startbidrag frå Nordic Mining ASA til skape andre vekstkraftige bedrifter i vår region, samt kunne støtte kulturaktivitetar i regionen. Administrasjonane tilrår at avtalen vert godkjent.

Meir informasjon om sakene, får de ved å vende dykk til servicetorget i kommunen og be om å få tilsendt dokument (for de som ikkje har tilgang på internett) eller gjennom postliste og artiklar på heimesidene.

SKOGPLANTING VÅREN 2011

Ta kontakt med Naustdal kommune v/
Malones for tinging av skogplanter.
Brandsøy Planteskule har fine gran , furu
, lerk , sitka og bjørkeplanter.
Tilskotet til planting og plantekjøp er som
i fjor 70 % av totalkostnaden.

STATUS FOR DIVERSE PLANARBEID

Dokumenta i sakene finn du på kommunen si heimeside – postliste – søk etter sak og saksnr.

Reguleringsplan for ny gang og sykkelvegbru over Nausta i sentrum, sak nr 10/574.

Ikkje endring i status sidan førre K-posten

Utbygging på Sæla, sak nr 10/483.

Plankonsulentane har presentert og levert ein rapport med konseptstudie og ein 3D/VR modell over området. Skissene viser ulike bustadtypar som blokker, rekkehus, tun, næringsområde, småbåthamner, bil- og gangvegar, samt område med offentlig tilgang heilt ned til fjorden. Modellen vart presentert på eit ope møte på kommunehuset 10. mars. Alt materiale er tilgjengeleg på kommunen si heimeside under overskrifta "Fjordlandsbyen". Ein kan også få sjå på materialet ved å vende seg til ekspedisjonen på kommunehuset.

Kommunedelplan Vevring, sak nr 10/571.

Det er sendt ut brev til alle med eigedom i Vevring skulekrins, med oppmoding om å kome med innspel om kva ynskjer og framtidsplanar dei har for sin eigedom. Fristen for innspel var 6. mai, men alt som vert sendt inn i ettertid vert også registert inn på saka.

Den lokale arbeidsgruppa og kommunen vil gå gjennom innspela og dette vert lagt til grunn for vidare planarbeid.

Reguleringsplan Mallasvika, nedre sak nr 11/1

Gravdalgruppa v/Norconsult held på med reguleringsarbeid i Mallasvika på eit området langs fylkesvegen før avkøyringa til Kringla når ein kjem frå sentrum. Reguleringsføremålet er bustader og framlegg til plan er forventa lagt ut på høyring i mai.

Reguleringsplan Mallasvika øvre sak nr 11/133

H. Kvame AS v/siv. Ark. Kjartan Myklebust held på med reguleringsarbeid i øvre del av det som er sett av til bustadområde i Mallasvika. Området ligg nedanfor dei to gardstuna i Mallasvika. Reguleringsføremålet er bustader.

Reguleringsplan nytt forretningsbygg ved ICA i sentrum sak nr 10/677

Atle Helle v/ Nordplan held på med reguleringsarbeid for eit nytt forretningsbygg vest for ICA. Riksantikvaren har hatt merknader til plassering og utforming, i høve til kyrkja.

Kommunedelplan for landbruk og bygdeutvikling, sak nr 08/623.

Det er halde fleire arbeidsmøte med faglaga i landbruket og komite for landbruk, teknikk og miljø. Administrasjonen held på med ferdigstilling av eit utkast til plan i løpet av våren.

Arne Kringlen

Keramikk på kommunehuset

Kulturseksjonen er glad for å fortelje at Formannskapet har løyvd midlar til kjøp av verk av keramikar Svein Thingnes frå Vevring. Ordførar Håkon Myrvang, leiar i komité oppvekst og kultur Magnar Falkenstein og kulturkonsulent Ann Lisbeth Lesto har valt ut desse verka i samråd med kunstnaren:

- Flis med sikring
- Brent vaffel
- Sår (serie)
- Pærer (serie).

Kommunen mottek verka etter at den retrospektive utstillinga av Svein Thingnes sitt arbeid er avslutta, denne står no i Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum i Trondheim. Verka vil bli stilt ut på kommunehuset saman med kunst av Kjartan Slettemark og Oddvar Torsheim.

Varsel om oppstart: Kulturplan med fokus på samtidskunst og næring
Planutvalet i Naustdal kommune gjorde vedtak om å varsle oppstart av arbeidet med kulturplan 31. mars 2011, jamfør plb § 11-12.

Kulturplan med fokus på samtidskunst og næring vert ein avgrensa og handlingsretta plan for kulturområdet. Felta som dannar grunnlaget for kultursatsinga i Naustdal kommune vil bli vektlagt: samtidskunst og SlettemarkART, Tusenårsstaden Sanden og kulturbasert næringsutvikling. Rammer og føresetnader for planarbeidet går fram av sakspapira, desse er tilgjengelege på kommunen sine nettsider.

I samband med at planarbeidet vert starta opp, ber kommunen om innspel til kva plantema, utfordringar og omsyn som bør inkluderast i planarbeidet.

Frist for innspel er sett til 1. mai 2011.

Kontakt kulturkonsulent Ann Lisbeth Lesto ved spørsmål: 57 81 61 10 / ann.lesto@naustdal.kommune.no

Vil du stille ut dine handlaga produkt?

I resepsjonen på Kommunehuset har Naustdal kommune eit utstillingsskap for framsyning av arbeidet til lokale kunsthandverkarar og hobby-produsentar.

Kontakt Eirik og Janne i skranken om ynskjer å stille ut: 57 81 61 00 / postmottak@naustdal.kommune.no


Boktips frå biblioteket:

SARAS NØKKEL

PARIS, 1942: Sara, en ti år gammel jødisk jente, gjemmer lillebroren sin i et skap like før familien arresteres av det franske politiet i den beryktede oppsamlingen av jøder som siden er blitt kjent som Vél d'Hiv. Hun låser skapdøren og legger nøkkelen i lommen, overbevist om at hun vil være tilbake om noen timer. Men timene blir til døgn, og Saras desperasjon vokser.

PARIS, 2002: I anledning sekstiårsmarkeringen for Vél d'Hiv blir Julia Jarmond bedt om å skrive en artikkel om denne svarte dagen i Frankrikes historie. Mens hun undersøker saken, snubler hun over Saras fortiede familiehistorie. Julia føler seg forpliktet til å skrive om jentas skjebne, og gjennom sine undersøkelser tvinges hun til å stille spørsmål om sitt eget liv.

Saras nøkkel er en gripende roman som tar opp tabuene og fornektelsen rundt en smertelig episode i Frankrikes historie - en insiktsfull fortelling om ansvar og samvittighet, om sorg og kjærighet.



Matrikulering av uregistert veggrunn, riks- og fylkesvegar.

Magnar Hellebust.

I Naustdal kommune har vi Rv. 5 og fleire fylkesvegar.

Statens vegvesen, Region vest har på vegne av Statens vegvesen Dep. Oslo, for riksveg og Sogn og Fjordane fylkeskommune, Leikanger, for fylkesvegar bedd om matrikulering (registreringsbrev) på desse vegstrekningane og oppdelt for kvart gardsnummer dei går forbi.

Dette er ei overgangsordning ved innføring av matrikkellova som er nedfelt i §69 i forskrifta til matrikkellova.

Kva er uregistert veggrunn.

Veggrunnen er i stor grad ikkje registert i kartverket. I hovudsak gjeld dette eldre veger. Den nye matrikkellova som er gjeldande frå 01.01.2010 avløyser delingslova og set mykje strengare krav til kartverket. Uregistert veggrunn skal registrerast som registert veggrunn.

Etter delingslova, som opphørte 31.12.2009, vart det oppretta registreringsbrev på nokre av desse vegstykkka. I Naustdal kommune gjed det eit fåtal. I ein tidsperiode vart slike vegareal knytt opp mot eit gards- og bruksnummer som grensa inn til vegen, gjerne lågaste bruksnummeret for kvart gardsnummer vart nytta.

No ber vegvesenet mange kommunar om at slik uregistert veggrunn vert registert med eit matrikkelnummer for kvart gardsnummer som den aktuelle vegen passerar forbi, og at det blir oppretta matrikkelbrev av eksisterande uregistert veggrunn. Dette med bakgrunn i matrikkellova §24. Eigenfråsegn for grunn til offentleg veg har vegvesenet lagt ved.

Meir om det som lova krev i denne samanheng går fram av § 13 og 23 og i forskrifta til lova § 31.

Her vil vi påpeike at eigartilhøva og nøyaktige grenser ikkje vert fastsett med bindande verknad ved denne registreringa. Registreringa vert lagt til grunn ved bruk av opplysningar frå matrikkelen t.d. ved nabovarsel. Denne underretninga skjer til dei grunneigarar som har eigedommar inntil vegparsellen slik det går fram av matrikkelkart.

I tida framover vil mange grunneigarar få slikt varsel. Dette er heimla i matrikkelforskrifta §69.



Vegar- og vegvedlikehald

Det har dei siste åra vore gjort mykje godt arbeid med vedlikehald av vegane i kommunen, men framleis står her ein del att. Det er løyvd pengar også for dette året til vidare utbetring og vedlikehald av vegane. Tiltak i år vil med anna vere meir asfaltering og grusing, samt arbeid med sikring, skilting, siktrydding, opprusting av Kalland bru.

Vi har hatt ein god del skade på veg i samband med flaum og store mengder overvatn i mars/april. Dette har medført ein god del uførutsette kostnader som kan medføre at nokre planlagde tiltak kan bli utført noko seinare enn tenkt.

Arbeid med utbetring av vass- og flaumskade på vegane er i full gang. Dei mest skada vegane vil bli prioritert først.

-Teknisk drift-

Barneverntenesta i Naustdal treng besöksheimar

Barneverntenesta i Naustdal har behov for fleire besøkheimar for born og unge i Naustdal og omegn. (omfang, ca. kvar tredje eller fjerde helg)

Gjerne familiar, store eller små. Dersom de har tid og interesse for born og unge og kan tenkje dykk å vere besøkshjem, ta kontakt med oss snarast for meir informasjon.

Oppdraget vil bli løna etter rettleiande satsar. Ein må disponere bil.

Det vil bli stilt krav om politiattest.

Ta kontakt med Nav Naustdal Barneverntenesta, ved Monica Fauske Loen eller Vidar Nytnun på tlf. 570 16000

NAUSTDAL

FRIVILLIGSENTRAL



Årsmøte:

Naustdal Frivilligsentral la fram ei årsmelding som viser stor aktivitet også i 2010!

Etter årsmøtet er desse med i styret: Gunnar Gustavsen nestleiar, Marit Apneseth, Randi Savland, Martha Søbak, Johnny Følling, Jostein Sollid og Magnar Falkenstein som styremedlemmar. Aud Kleiva, Jarle Øvrebø, Sidsel Grimseth og Trude Meek er varamedlemmar. Naustdal kommune er i 2011 blitt eigar av frivilligsentralen. Leiar i komitè for Oppvekst og kultur, Magnar Falkenstein, er kommunen sin representant i styret, vara er leiar i Helse- og sosialkomiteen, Trude Meek.

Ein-til-ein – tenester:

”Ein-til-ein – tenestene” er tilbod om hjelp til ulike gjeremål som du vanlegvis greier sjølv, men som du på grunn av sjukdom, alder eller funksjonshemming kan trenge hjelp til. Arbeidet er gratis, mot at du betalar for nødvendige utgifter (t.d. bensinutgifter). Vi ringer tilbake om kven som kjem, slik at du ikkje får ”uventane” besøk.

Eksempel på tenester som du kan få hjelp

til: Handle varer. Kjøring i diverse ærend. Følgeteneste. Småreparasjonar. Turvenn/besøksvenn. Råd/rettleiing. Skrivning av brev/kort.

Måndagstreff:

Treff for alle som er ledige på dagtid måndagar på Kyrkjelydshuset 1.etg, kl 10.30-14.00.

Kafè med kaffi/te, smørbrød og vaflar. Treffet tar sommarpause 4.-25.juli.

Sosialt samvere på Nillestova:

Kvar tysdag og torsdag kl.10.00-14.00, for alle pensjonistar og eldre i kommunen.

Vi tilbyr: ”Føremiddags-kaffi”, trim, sosialt samvere, høve til å kjøpe middag. *Av og til er det:* Hjelp til handarbeid, bingo, song og musikk eller syning av frivillige medarbeidarar er med kvar gong.

Kostnad: kr.40,-, middag 60,-, bingo 10,-

Tilbodet vil halde på kvar tysdag og film/bilete på storskjerm m/musikk. 3-4 torsdag ut juni månad, og startar opp igjen ved skulestart i august.

I tidsrommet 5.juli – 11.august vil tilbodet

på Nillestova vere ope annakvar tysdag. Treng du skyss til og frå, ta kontakt med Frivilligsentralen.

Serviceskyss til Dagsenteret.

Dei som bur i Dalen eller sentrum kan bruke *service-skyssen* til Nillestova torsdagar. Ein kan delta på program-innslaga som tek til kl.11.00, samt vere med på trim. Det er høve til å kjøpe kaffi/te og vaflar. Hugs å ringe Naustdal Taxi før kl 20 kvelden før. Skyssen kostar kr 15 kvar veg.

Fredagskafè:

Frivilligsentralen har kafè på Kyrkjelydshuset kvar fredag kl.10.30-12.30. Kafèen tek sommarpause i heile juli månad.

Tur for frivillige 2011:

Frivilligsentralen har i år bestemt å ikkje lage til tur, av di det er mange andre som arrangerer turar i juni. Naustdal Pensjonistlaget har følgjande turar:

Tur til Gol: 30.mai – 2.juni.
Tur til Steindalen måndag 27.juni.
Dei har også ein stølstur i juli/august. Meir info om desse turane får de ved å kontakte Marit Rognebakke, tlf. 57819321 / 90873090. Fjordane Reisebyrå har også dags-turar i fylket i sommar.

Sanden-Søndag 2011:

Årets Sanden-Søndag blir **søndag 21.august**. Som i fjor blir det aktivitetar heile helga med bl.a. motbakkeløpet “Kletten opp” laurdagen og Sanden-Søndag søndagen. Det blir også i år høve til å prøve fleire ulike sjø- og strand-aktivitetar på Sanden-Søndag, samt oppleve ulike kulturelle innslag i opninga kl 12.00, og vidare utover dagen. Følgjande frivillige organisasjonar i Naustdal er førebels med som arrangørar

av årets Sanden-Søndag: Midtredalen Bygdekvinnelag, Naustdal og Horstad Bygdekvinnelag, Tambarskjelvar Idrettslag, Naustdal Jakt- og Fiskelag, Naustdal Bondelag, Naustdal Sogelag, Naustdal Pensjonistlag, Naustdal Køyre- og rideklubb, Sandens Venner og Frivilligsentralen. Programfolder vert som vanleg sendt alle husstandar i byrjinga av august. Arrangementet har som vanleg fri inngang, og dei fleste aktivitetane er gratis.

Vi kan røpe at i år kjem Gråtass, der dei minste kan vere med på tur i hengaren. Nytt av året blir også demonstrasjon og utstilling av ulike handverksprodukt frå Naustdal.

Har du høve til å vere frivillig medarbeidar?

Eller har du ein idè som du ynskjer skal bli til røyndom?

Ta kontakt!

Som frivillig bestemmer du sjølv:

- kva arbeid du vil gjere
- når du vil gjere arbeidet
- kor mykje tid du vil bruke

Du inngår ingen langsiktig avtale, synest du det er givande held du fram.

Du skal ikkje ha utgifter med å vere frivillig medarbeidar.

Vi lagar årleg festleg samankomst for dei frivillige medarbeidarane våre, og om våren arrangerar vi hyggeleg dagstur.

Naustdal Frivilligsentral held til i 2.etg. på kommunehuset.

Kontortid: Måndag-fredag kl 8.00-15.30.

Tlf: 57 81 61 44. E-post:

frivilligsentralen@naustdal.kommune.no

Adr.: Naustdal Frivilligsentral, postboks 44, 6806 Naustdal

Heimeside:

www.naustdal.frivilligsentral.no

Torill Hukset, dagleg leiar

Barnas

Turlag, Naustdal.:

Eit samarbeid mellom frivillige organisasjonar i Naustdal, enkeltpersonar, frivilligsentralen og Indre Sunnfjord Turlag.



Turar, mai - juni 2011:

MAI:

Laurdag 14.mai:

Rute: Kleppstølen - Stehoggestølen

Avgang /parkering: Kleppstølen

Tid: kl 12.00

Turleiar: Anne Schei, 95232231.

Ca. 1,5 km kvar veg på skogsveg. Vekselsvis stigning eller flatt.

Torsdag 26.mai:

Rute: Øvrebø v/kraftverket - Holmesethstølen

Avgang /parkering: Kraftverket

Tid: kl 17.30

Turleiar: Lilli-Ann Seljeseth/Jannicke Juvik

Tlf: 90542705 / 93877857

Dette er ein kort og lett tur, ca. 1 km. Passar godt for yngre barn.

Søndag 5.juni

Tid: 12:00

Rute: Vi går til Hyvatnet frå Byrkjeflot. Om lag 1 time å gå oppover. Første delen er skogsveg, andre delen sti/myr - ungane bør ha med vanntette sko/støvlar. Kan gjerne ta med fiskestang (sjansen for å få fisk er kanskje ikkje så stor, men det er kanskje ikkje poenget heller?). Vi satsar på å tenne bål, så ta med grillmat, niste og drikke.

Kor skal du køyre/parkering: Sving av til Byrkjeflot, kjøyr ned til vegen blir litt flatare - da får du ein grusveg på venstre hand, ved avkøyringa eit postkassestativ

utan postkassar - køyr grusvegen til endes og parker på ein av snuplassane.
Turleiarar: Camilla Savland og Siss-May Edvardsen (tlf 952 90 114)

Søndag 12. juni

Frammarsvikstølen.

Rute:Håjen kafe, Frammarsvik -

Bunnstølen - Frammarsvikstølen

Avgang/Parkering: Håjen kafe, Frammarsvik

Tid: Kl. 11.00

Turleiar: Ludvik

Slettehaug og

Solfrid Bygstad

Tlf. 99 15 10

26/90 56 29

99

Turen passar

for barn frå ca 6 år. Halve turen er på traktorveg, resten på sti, ca 4 km t/r.

Lengre tur med jamn stigning. Høve til fiskeing og grilling på bål på

Frammarsvikstølen.

Ta med eige fiskeutstyr og mat.



Tysdag 21. juni.

Arekletten

Rute:Håjen kafe, Frammarsvik – Areklett

Avgang/Parlering: Håjen kafe, Frammarsvik

Tid:Kl . 17:00

Turleiar: Ludvik Slettehaug og Solfrid Bygstad

Tlf.:9 15 10 26/90 56 29 99

Dette er ein kort tur på gamal erdselsveg/traktorveg med litt stigning.

Vi legg opp til ulike aktivitetar som natursti og steiking på bålpanne. Passar best for yngre barn.

Det er berre å møte fram, det er inga påmelding.

Har de spørsmål, ta kontakt med turleiar.
Ta med mat og drikke.
Born under 12 år skal ha følgje med vaksne.
For å vere med på turane er det ikkje krav om å vere medlem av turlaget, men ein kan melde seg inn viss ein ynskjer.
Turane vidare utover i 2011 kjem seinare.
Følg med på annonser / «Det skjer i Firda og plakatar.
Turane finn ein også på: www.istur.no

Open Kafè på Kyrkjelydshuset:

Måndag : 10-30-14.00
Onsdag: 10.30-15.00
Torsdag: 10.30-16.30
Fredag: 10.30-12.30
Laurdag: 11.00-15.00

Kafé-vertar:

Naustdal Kyrkjelydshus
"Onsdagskaféen"
"Torsdagskaféen"
Frivillige organisasjonar i Naustdal
Frivilligsentralen



Serviceskyssen i Naustdal:

Serviceskyssen er eit alternativ til ordinære bussruter i Naustdal. Målgruppa for ordninga er heimebuande **i alle aldrar** som har behov for skyss på dagtid, primært til Naustdal sentrum. Rutene kan og nyttast om du har andre skyssbehov, t.d. til nærbutikken, eller til andre stader på den aktuelle rutestrekninga.



Ruta blir utført med taxi, og kostar ein **fast pris på 15 kr kvar veg**, utan omsyn til lengda på turen.
Om du har behov for det, skal du kunne bli henta og gå av ruta heime hos deg sjølv, og ved behov vil sjåføren og hjelpe til så både du og evt. bagasje kjem i hus.
For å nytte deg av serviceskyss-tilbodet, må du gje **melding til Naustdal Taxi, tlf. 97747070, seinast kl 20:00 dagen før** ruta skal gå. Dette for at drosjeeigar skal vite kvar han skal køyre, og kunne planlegge kor stor bil som må nyttast.

*Serviceskyssen får midlar frå Sogn & Fjordane Fylkeskommune.
Det er viktig at skyssen blir brukt, ellers kan ruta bli nedlagt.*

Ruter til Naustdal sentrum, mai – sept. 2011

Mai

Veke	ma	ti	on	to	fr	lø	sø
17							1
18	2	3	4	5	6	7	8
19	9	10	11	12	13	14	15
20	16	17	18	19	20	21	22
21	23	24	25	26	27	28	29
22	30	31					

Juni

Veke	ma	ti	on	to	fr	lø	sø
22			1	2	3	4	5
23	6	7	8	9	10	11	12
24	13	14	15	16	17	18	19
25	20	21	22	23	24	25	26
26	27	28	29	30			

Service-skyssen går ikkje i juli måned.

August

Veke ma ti on to fr lø sø
31 1 2 3 4 5 6 7
32 8 9 10 11 12 13 14
33 15 16 17 18 19 20 21
34 22 23 24 25 26 27 28
35 29 30 31

September

Veke ma ti on to fr lø sø
35 1 2 3 4
36 5 6 7 8 9 10 11
37 12 13 14 15 16 17 18
38 19 20 21 22 23 24 25
39 26 27 28 29 30

Onsdagar: Sentrumsområdet – Naustdal sentrum

Start Helgås kl 10.00- tar med passasjerar i byggjefeltet – Naustdal Sjukeheim – Naustdal sentrum ca kl 10.30.
Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Helgås ca kl 13.30.

Torsdagar: Dalen – Naustdal Sentrum

Start Svoa kl 09.30 - Slettemark – Ullaland – Byrkjeflot – Åse – Naustdal sentrum ca kl 10.30.
Retur frå Naustdal kl 13.00. Stopp Svoa ca kl 14.00.
Det er høve til å kjøpe raspeballar på Kyrkjelydshuset frå kl 12.30.

Fredagar: Fjorden – Naustdal sentrum

Start Horne kl 09.30 – Vassbotnen – Helle – Naustdal sentrum ca kl 10.30.
Retur frå Naustdal sentrum kl 12.30. Stopp Horne ca kl 14.00.

I veke med møte i pensjonistlaget går dei ordinære rutene ut.

I staden vert det utført ruter frå både Horne og Svoa tilpassa møta i Pensjonistlaget:

Rute 1: Horne kl. 13.30 – Naustdal. Retur kl 18.00

Rute 2: Svoa kl 13.15 – Naustdal. Retur kl 18.00

Dette gjeld:

- veke 24 : fredag 17.juni, Instedalen skule kl. 15.00

- veke 38: fredag 23.september, kommunestyresalen kl 15.00

Andre serviceskyss-ruter i kommunen:

Vevring:

Handlerute til Fjordbutikken kvar måndag:

Start Horne ca.kl.10.00 – Vevring – Redalen ca 10.45– Stopp Vevring kl.10.30. Retur frå Vevring kl. 12.00 – Horne. Retur 12.30 frå Vevring til Redalen.

Serviceskyss til Seniorettreff på Fjordbutikken:

Siste torsdag kvar mnd.: 27.jan, 24.febr, 31.mars, 28.april, 26.mai, 30.juni.

Start Horne kl. 13.00 – Vevring – Redalen – Stopp Vevring kl.14.00.

Retur frå Vevring kl. 17.00.

For tinging av Serviceskyss:

Ring **Naustdal Taxi** på
tlf. **97 74 70 70**

Billettpris er **kr 15,-**
ein veg,
utan omsyn til skysslengde.

Har du spørsmål om skyssordninga kan du og ringe **Naustdal Taxi** tlf. **97747070**, eventuelt tilfrivilligsentralen tlf. **57816144**, eller servicekontoret på kommunen, tlf. **57816100**.

Nytt styre i Sandens venner.

Etter årsmøtet i Sandens venner den 16. mars 2011, har styret konstituert seg slik:

Anne-Lise Salbu, leiar
Inge Byrkjeland, nestleiar
Grete Lise Vinsrygg, kasserar
Rolf Kalland, sekretær
Håkon Myrvang, styremedlem
Gjermund Johannesen, styremedlem
Hallstein Erdal, styremedlem

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I NAUSTDAL PENSJONISTLAG 18.FEBRUAR 2011.

På årsmøte i kommunestyresalen 18.februar 2011 var 50 frammøtte.

Før sjølve årsmøtet orienterte ordførar Håkon Myrvang om utfordringar for kommunen framover og med eit skråblikk på saker som er sett fokus på i Handlingsprogrammet til Naustdal Pensjonistlag og Naustdal Eldreråd i perioden 2011-2015 bl.a. at alle som ynskjer det skal få enkeltrom på sjukeheimen, trafikkareal ved sjukeheimen, rehabilitering, eldresenter/Friskhus m.m. Emil Horstad-kanskje ei ny musikalsk stjerne" spelte trekkspel til stor applaus frå dei frammøtte.

Kaffi, snittar og blautkake høyrer med på eit årsmøte samt ei god "prateykt" før sjølve årsmøtet tok til under leiing av Bertel Meek.

Rekneskapen syner at laget har kring kr.28.000.- til rådvelde. Det vart ein del

debatt kring spørsmålet korvidt laget skal løyve midlar til ulike føremål

Bl.a. nytt påbygg til Kyrkjelydshuset, Kreftavdelinga ved sjukehuset, kulturinnslag på medlemsmøta. Sidan saka ikkje sto på saklista fekk det nye styret fullmakt til å ta stilling til fordeling av "ein pott" til ulike føremål

For 2011 også vurdert opp mot at laget og må ha ein "rimeleg buffer" til drifta av laget framover.

Bertel Meek hadde sagt frå seg etter 6 år som leiar. Valnemnda hadde –trass iherdig innsats-ikkje lukkast med å få ny leiar, difor fatta årsmøtet fylgjande vedtak etter tilråding frå valnemnda:

"Styret vel-seg imellom, ei leiargruppe på 3 personar som fram til årsmøtet i 2012 står for leiarrolla i laget".

Etter dette har styret fylgjande samansetning

:

Ruth Gjelsvik- sekretær -ikkje på val
Halldor Herstad, kasserar –attval for 2 år
Martha Søbak , styremedlem –ikkje på val
Kirsten Solås , styremedlem- attval for 2 år
Bertel Meek, styremedlem -ny for 2 år
Einar Aamot, styremedlem-ny for 2 år
Jens Vestrheim, styremedlem-ny for eitt år (etter loddtrekning)

Åse Hilde- 1.vara- vald for eitt år.

Sigmund Svoen og Leidulv Vonen –som gjekk ut av styret-fekk ein lysestake i krystall. Avgått leiar –Bertel Meek -fekk ein fin orkide og vert med vidare i styret-no som sekretær.

Kontingenten for 2012 vart samrøystes vedtatt utan debatt.

Samla kontingent er kr.242.- derav får NPL. kr.61.-

Då ein ikkje hadde fått avklaring til årsmøtet korvidt pensjonistlaget framleis

var medeigar i Frivilligsentralen, vart Anlaug Gustavson attvald i valnemnda .

Martha Søbak vart valgt som ny medlem i Naustdal Folkehelseråd.

Einar og Eldbjørg Aamot vart valde som utsendingar til Fylkesårsmøtet på Eikum hotell i Hafslø. Dei som møtte var Einar Aamot og Jens Vestrheim.

På styremøte 1.mars konstituerte det nye styret seg soleis:
Ruth Gjelsvik- kontaktperson for eitt år.
Jens Vestrheim- nestleiar- for eitt år
Bertel Meek- sekretær etter Ruth Gjelsvik.

Møteplan for 2011:

Onsdag 27.april kl.16.00 på Horstad skule

Fredag 10.juni kl.15.00 Instedalen skule

Tirsdag 21.juni Sommartreff på Nordfjordeid (skal vi leige buss?)

Juli-august vert det ikkje medlemsmøte- men kanskje turar?

Fredag 23.september kl.15.00 i kommunestyresalen

Fredag 21.oktober kl.15.00 i kommunestyresalen

Fredag 18.november kl.15.00 i kommunestyresalen

Tirsdag 13.desember kl.11.00-Lucia møte på kyrkjelydshuset

NB. Hugs å nytte Serviseskyssen.

Den store utfordringa for laget framover er å få tak i nye og yngre medlemmer som kan drive laget vidare .

Den 10.juni vert det difor skipa til eit åpe medlems-og vervingsmøte på Instedalen skule, der det vert lagt opp til informasjon om Pensjonistforbundet, Fylkeslaget og lokallaget vårt med fokus på saker som er nedfelt i vårt

handlingsprogram. Vidare vert det eit kulturelt innslag og sjølvsgat kaffi med "noko godt attåt" alt lagt vel til rette av Instedalen Bygdekvinnelag. Laget har i dag ca.150 medlemmer, som er ca.45% av "potensialet" og mellom dei 5 største laga i fylket. Men vi kan bli mange fleire, så møt opp og sjå/høyr kva vi kan tilby deg for ein svært rimeleg kontingent. Velkomen til deg.



Hagelagsturar mai – juli.

19.mai kl: 17.30

Handletur/hagevandring. Turen går til Henny Kristiansen i Solheimsdalen. Ho har mange bed og 2 drivhus. Ho driv fram mange forskjellige sommarblomstrar og nokre staudar, spesielt mange sortar petunia og også ein del sjølvrensande petunia. Frammøte hjå Matias kl. 17.30 for samordna transport.

28. mai kl. 10.00-14.00

Plantosal ved kommunehuset.

7. juni kl. 17.30

Hagevandring på Holsen hjå Karin Svoen og Helge Vallestad. Ein allsidig hage med 6 store terrassar, fine steintrappar, lysthus, dam og fin beplanting med 250 rhododendron og mykje andre planter. Frammøte hjå Matias kl. 17.30 for samordna transport.

24. juli kl.14.00-18.00

Ope dag hos Matias og Margit Hukseth, Fjæra 2, Naustdal

Les meir på heimesida <http://www.naustdal.kommune.no>

Lyst til å slutte å røykje?



Grip sjansen til å starte prosessen som kan gjere deg røykfri! Kurset vert gjennomført i Førde, og oppstart er torsdag 17 september. Kurset går over seks kvelder frå 18.00-20.00. Pris 1 000,-.

Spreiing av husdyrgjødsel på eng mm

Siste frist for spreiring av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding er 20. september.

Produksjonstilskott!

Kommunen har mottatt 148 søknader om produksjonstilskott, men det manglar opplysningar om areal på mange skjema som er levert på papir!

Ungdomsrådet seier ja!



Ungdomsrådet er samrøystes for reguleringsplanen med konsekvensutredning for utvinning av rutit i Engebøfjellet i Naustdal kommune. Dette blei vedteken i møte 26.august 2009. Ungdomsrådet la vekt på dei samfunnsøkonomiske sidane ved prosjektet, og meinte dei var større enn miljømessige hensyna.

Akkordeonkonsert i Holsen og Naustdal kyrkje.

Førde konsertlag og Naustdal sokneråd inviterer til ein spesiell og spanande kyrjekonsert i helga 12-13 september. Johan Andersson, ein prisløna svensk akkordeonspelar er på konsertturne i Norge, og i løpet av denne turneen skal han ha to konsertar i Sunnfjord.

Vevringutstillinga - 30 års jubileum!



Kunstbygda Vevring inviterer Verda! Det vert tidenes kunstfestival i Vevring då Vevringutstillinga feirar 30-årsjubileum 18.-20.september 2009: 145 av dei 300 kunstnarane som har stilt ut har takka ja, og vakre Vevring skal fyllast med kunst, heile bygda - inne og ute, skal takast i bruk til utstilling og oppleving av samtidskunst, kunsthandverk og musikk. Eit storlått møte mellom landskap, menneske og kultur. Fjordgrendene skal flyte av folk denne helga! Vevringutstillinga oppfordrar alle til å feste seg ved denne hausthelga!

www.naustdal.kommune.no

Etter lansering av ny internettportal på www.naustdal.kommune.no, vil internett vere den best oppdaterte og viktigaste kanalen for informasjonsformidling mellom kommunen og innbyggjarane. Målet er at alle nyhende av ei viss allmenn interesse skal presenterast her. Internettportalen gjev og innsyn i offentlege postlister og politiske saker, og skal gje oppdatert informasjon om kommunale tenester og organisasjon, og linkar vidare til anna offentleg informasjon.

For å gjere sidene så nyttige og oppdaterte som mogleg, er det viktig med respons frå innbyggjarane. Vi håpar mange vil bidra ved å gje oss tilbakemeldingar om erfaringar med heimesida. Saknar de informasjon som de meiner burde ligge her? Finn de feilaktig informasjon? Er det vanskeleg å finne fram til aktuell informasjon? Har de tips til nyhende, arrangement eller anna informasjon som kan vere av interesse for andre?

Vi ber om tilbakemeldingar!

Bruk kontaktskjemaet under hovedmenypunktet "kontakt oss", eller send e-post til ein av oss i web-prosjektgruppa.

robert.rysjedal@naustdal.kommune.no
britt.kringlen@naustdal.kommune.no
oddlag.indrekvam@naustdal.kommune.no
kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no

TELEFONLISTE FOR NAUSTDAL!



Kommunehuset:	57 81 61 00
(Plan og næring, Kultur, service, tekniskdrif, rådmann)	
Legesenteret:	57 81 60 20
Legesenterer v/akutt behov:	57 81 85 00
Legesenteret etter 15.30:	57 83 01 13
Helsesøster:	57 81 60 37
Jordmor:	57 81 60 36
Tannlege:	57 81 91 93
Heimesjukepleien:	57 81 62 13
Fysioterapi:	57 81 88 22
Psykatri tenesta:	57 81 61 09
Naustdal alders og Sjukeheim:	57 81 62 00
Politi:	57 72 37 00
Brann:	57 72 20 78
Kyrkjekontoret:	57 81 82 40
Biblioteket:	57 81 63 11
Vakttelefon Uteseksjon (Ansgar Hove)	91 82 81 86
Frivilligsentralen:	57 81 61 44 / 99 55 38 45

SKULER.

Naustdal barne og Ungdomsskule:	57 81 63 00
Dalen skule avd. Horstad	57 81 86 89
Dalen skule avd. Midtredalen:	57 81 86 51
Vevring:	57 81 88 26

BARNEHAGAR.

Lunden:	57 81 94 68
Loffen:	57 81 94 11
Vevring:	57 81 89 19
Mallasvik:	57 81 81 60
Horstad:	57 81 89 81

